



ÅLESUND KOMMUNE  
Postboks 1521  
6025 ÅLESUND

Saksbehandlar, innvalstelefon  
Thomas Aurdal, 71 25 84 67

## Ålesund kommune - Vedtak om løyve til utfylling i Gangstøvika

---

**Statsforvaltaren i Møre og Romsdal gjev med dette Ålesund kommune løyve etter forureiningslova til utfylling i sjø ved Gangstøvika, gnr. 137 bnr. 100. Løyve med vilkår fylgjer vedlagt.**

**Vi vedtek eit gebyr på kr 35 000 for sakshandsaminga.**

---

Vi syner til søknad av 04.07.2022 om løyve til utfylling ved Gangstøvika.

### Vedtak

Statsforvaltaren i Møre og Romsdal gjev med dette Ålesund kommune til utfylling i sjø ved Gangstøvika, gnr. 137 bnr. 100. Løyvet er gjeve med heimel i lov av 13.03.1981 om vern mot forureining og om avfall (forureiningslova) § 11, jf. § 16 og i medhald av forskrift av 01.06.2004 om reduksjon av forureining (forureiningsforskrifta) § 22-6. Statsforvaltaren har ved avgjerda og ved fastsetting av vilkår lagt vekt på die forureiningsmessige ulempe ved tiltaket samanheld med dei fordelar og ulemper som tiltaket elles vil medføre. Det er satt vilkår for løyvet. Løyve med vilkår fylgjer lagt ved dette brevet.

Det kan gjerast endringar i løyvet i medhald av forureiningslova § 18. Endringane skal vere basert på skriftleg sakshandsaming og forsvarleg utgreiing av saken. Ein eventuell endringssøknad må difor føreliggje i god tid før endringa ynskjust gjennomført.

At det er gjeve løyve til forureining betyr ikkje at det ikkje er erstatningsansvar for skade og ulempe eller tap forårsaka av forureining, jf. forureiningslova § 56. Brot på løyvet er straffbart etter forureiningslova §§ 78 og 79

### Bakgrunn

Ålesund kommune søkte 04.07.2022 om løyve etter forureiningslova til utfylling i sjø ved Gangstøvika, gnr. 137 bnr. 100, i Ålesund kommune. Det skal fyllast ut med om lag 107 000 m<sup>3</sup> massar frå Vegvesenet sitt prosjekt ved Lerstadtunnelen over eit areal som, fyllingsfot inkludert, er på om lag 7 500 m<sup>2</sup>. Utfyllinga skal gjerast som eit ledd i sikringa av det gamle avfallsdeponiet i



området, men òg for å kunne nyttiggjere dette arealet i tråd med reguleringsplanen. Tiltaket er planlagt utført frå hausten 2022 til vinteren 2023.

### Høyring og innspel

Søknaden var på høyring til 23.09.2022. Vi fekk inn dei fylgjande uttalene og kommentarane:

#### Fiskeridirektoratet (26.08.2022)

Fiskeridirektoratet uttaler seg om fiskeri- og akvakulturinteresser og marint biologisk mangfold.

Fiskeridirektoratet opplyser at et område for fiske med passive redskap (garn) er registrert over 1,5 kilometer vest for utfyllingsområdet. Det er ikke tillatt å drive taretråling i det aktuelle sjøområdet. Direktoratet vurderer at tiltaket ikke vil komme i konflikt med området for passive redskaper eller andre kjente bruksinteresser. Ingen akvakulturlokaliteter finnes i nærområdet, og den nærmeste er 10181 Oksebåsen V, som ligger ca. 6 kilometer unna i retning nordvest.

Havforskningsinstituttet (HI) har registrert et regionalt viktig gytefelt for torsk i Ellingsøyfjorden, med høy eggtetthet, middels retensjon og gytefeltverdi 5. Gytefeltet omslutter også tiltaksområdet. Innenfor gytefeltet er det også flere potensielle oppvekstområder for fisken (større tareskogforekomster og ålegressenger). Tiltak i sjø i området må vurderes i forhold til påvirkning på gytefeltet, og det må tas hensyn til gytingen og tidlige livsstadier av torsken.

Utfylling kan medføre blakking av sjøvann som følge av finpartikler, nedslamming lokalt, spredning av skarpe, skadelige partikler, rester av nonel-slanger og udetonert sprengstoff, og så videre. Fiskeridirektoratet forutsetter at massene som skal benyttes er rene og ikke inneholder plastfibre og skyteledninger, og at det ikke benyttes masser som er hentet fra områder der det kan være sulfidholdige bergarter. Direktoratet påpeker videre at prøvetakingen som er gjort i utfyllingsområdet er begrenset, men at den viser betydelig miljøgiftinnhold i sedimentet.

Fiskeridirektoratet viser til en tidligere uttalelse fra HI, der det ble anbefalt at tiltak som utfylling i sjø i nærheten av gytefelt i størst mulig grad utføres utenfor gytetiden og perioden der yngelen bunnslår, som regel angitt til februar-juni. HI anbefalte også bruk av siltgardin for å hindre partikkelspredning og slik begrense skade på yngel som gjennom sommeren og høsten lever i oppvekstområder nær gytefeltet. Fiskeridirektoratet ønsker at det gjøres avbøtende tiltak for å begrense partikkelspredningen mest mulig, spesielt dersom tiltaksperioden faller innenfor perioden fra 1. februar til midten av juni.

#### Ålesund kommune v/kommuneoverlegen (06.09.2022)

Kommuneoverlegen peiker på at problemstillingar ved transport av fyllmassane inn til utfyllingsområdet ikkje er omtala i søknaden og at det er mange mjuke trafikantar i transportområdet. Ein reguleringsplan for Gangstøvika skal syne til uoversiktlege tilhøve for gåande og syklende og at det allereie er ein betydeleg tungtrafikk til ulike verksemder i området. Om lag 27 semitrailerar per dag i eitt år kan verte aktuelt. Kommuneoverlegen finn det uheldig at tiltak for trafikktryggleik ikkje er etablert før massetransporten settast i verk. «Ideelt sett» burde behovet for massefrakt framskynde fullføringa av fortau til Gangstøvika i tråd med krav i reguleringsplan.

Vidare peikast det på at søknaden ikkje nemner eventuelle støvplager frå massetransporten langs Gangstøvikvegen og at aktiviteten vil kunne merkast godt på den andre sida av fjorden (Ellingsøya), som i utgangspunktet har låg bakgrunnsstøy. Støy leiast spesielt godt over vatn, og kommuneoverlegen anbefalar at det settast tidskrav for støyande aktivitet kveld og natt, sjølv om ekvivalente støyverdiar



ikkje overskrid dei gjeldande krava. Når støybelastninga skal vurderast, må alle delprosjekta for utfylling mellom Flatholmen og Gangstøvika sjåast i samanheng.

#### Kystverket (07.09.2022)

Kystverket er kysten sin samferdselsetat med ansvar for tryggleik og framkjømd i hamner, farleier og farvatn langs kysten. Dei opplyser at tiltak i sjøen kan vere søknadspliktig etter hamne- og farvasslova § 14. Det kan ikkje fattast vedtak etter hamne- og farvasslova i strid med gjeldande arealplan utan at det føreligg dispensasjon frå plan. Kystverket har elles ingen vesentlege merknadar til Statsforvaltaren sin handsaming av tiltaket etter forureiningsregelverket.

#### Ålesundregionens havnevesen (09.09.2022)

Havnevesenet vurderer at dei aktuelle tiltaka innanfor planområdet ikkje vil vere til hinder eller ulempe for tryggleiken og trafikken i farleia og har ikkje merknadar til søknaden. Havnevesenet minner om at det før det settast i verk tiltak med etablering av fylling, bølgevern eller liknande må sendast søknad til dei.

#### Bergens Sjøfartsmuseum (16.09.2022)

Sjøfartsmuseet skriv at dei ikkje kjenner til kulturminne ved Gangstøvika, gnr. 137 bnr. 100, som kan verte direkte råka av det aktuelle tiltaket. Det planlagde tiltaket er innanfor eit område som er prioritert av museet, men då det allereie er store utfyllingar i området har dei ikkje merknadar til tiltaket.

Det er likevel mogleg at det ligg kulturminne i området, og museet gjer difor merksam på meldeplikta ved funn av skipsvrak, keramikk eller andre marine kulturminne.

#### Ålesund kommune, avd. for plan og geodata (20.09.2022)

Avdelinga skriv at arealet som er aktuelt for utfylling i gjeldande reguleringsplan *Detaljregulering for Gangstøvika* er regulert til «Annen off./privat tenesteyting». Kommunedelplanen for Ålesund 2016-2028 fylgjer opp dette. Reguleringsplanen sett krav til både utbyggings- og anleggsfasen. I uttala er det med utdrag frå føresegnene for anleggsfasen. Føresegnene omtalar mellom anna forureining i grunn og sediment, fyllingsfront og sikring mot tilslamming av sjøbotnen, sikring av deponiområdet og støy og andre ulemper.

Avdelinga vurderer at tiltaket, slik det er skildra i søknaden, er i tråd med gjeldande regulerings- og kommunedelplan. Utfyllinga av området må sjåast som ein del av anleggsfasen og det er viktig at det vert teke omsyn til dei føresegnene og krava som er sett til anleggsfasen, spesielt føresegna om transport av massar.

Avdelinga peikar på at det er ei stor mengde massar som skal fraktast inn til området, og ynskjer at påverknaden på omgjevnadane, konsekvensar for friluftsliv og plan for sikring og avbøtande tiltak må gjerast greie for i det vidare arbeidet.

Avdelinga finn det misvisande at det i søknaden står at turvegen «Borgernes vei» ikkje lenger er tilgjengeleg strandsone, då det er godkjend utbygging av kai austover frå den eksisterande kaia på Flatholmen. «Borgernes vei» er, og vil framleis vere, sikra som turveg for ålmenta, òg i ein eventuell plan for utviding av kaianlegg ved Flatholmen.

Vidare er Akslafjellet eit særskilt viktig og attraktivt friluftsområde med mykje nytta tilkomstar i nord og aust. Difor er det viktig å ta omsyn til friluftslivsinteresser og leggje til rette for at området kan nyttast også i anleggsfasen. Det er regulert gangveg langs Gangstøvikvegen og offentlege



parkeringsplassar for å sikre tryggleiken til mjuke trafikantar og tilkomst til friluftsområdet. Det må vurderast kva sikringstiltak som er naudsynte under anleggsfasen.

#### Søklar sin kommentar til uttale frå kommuneoverlegen (09.09.2022)

Søklar opplyser at transport, tipping og fylling av massar har planlagt oppstart tidleg i oktober 2022 og ventast å halde fram til februar/mars 2023.

Arbeida skal fylgje retningslinjene i støvforskrifta og vil verte utført kvardagar frå om lag kl. 07 til kl. 19, og arbeid i helgene er i utgangspunktet ikkje planlagt. Dei vil leggje støvforskrifta til grunn om det vert aktuelt med arbeid i helgene, men då kan det verte sett strengare krav dersom det opplevast sjenerande på Ellingsøya. Søklar skriv vidare at massane vil vere naturlege morenemassar med høgt innhald av finstoff, silt og sand og at tippinga difor vil medføre mindre støy enn om dei hadde nytta sprengsteinmassar. Arbeidet vil òg utførast om hausten og vinteren, når det er mindre uteaktivitet. Det må òg ventast fleire dagar med dårleg vêr, og dette vil redusere støyen over fjorden.

Støvplager vil verte handsama ved å auke frekvensen på feiing av vegen, dersom det er behov for det. Søkjaren opplyser at massane som skal transporterast vil vere jordfuktige og dermed ikkje følsame for støvdrift.

Når det gjeld tryggleiken i trafikken nemner søkjaren ein plass der det er smal veg utan fortau og skriv at det bør vurderast om fotgjengarane skal leiast gjennom bustadfeltet i dette området. Brøyting av snø, strøing og liknande vil verte intensivert i perioden med auka tungtrafikk, og søklar vil òg avklare moglege tiltak for å sikre tryggleiken i trafikken med trafikkavdelinga i kommunen.

#### **Statsforvaltarens vurdering**

Det aktuelle tiltaket har eit stort omfang og medfører risiko for oppvirvling og spreining av miljøgifter då sjøbotnen i området som skal fyllast ut er påvist å vere forureina. Vi finn difor at det er naudsynt med eit løyve etter forureiningslova § 11.

#### Sedimentforureining og spreining av partiklar

Det er ikkje utført undersøking av forureining i sedimenta spesifikt for utfyllingstiltaket, men Ålesund kommune fekk i 2017-2018 utført ei sedimentundersøking utanfor Gangstøvika som òg omfatta området der det no skal fyllast ut. Totalt vart det analysert 11 prøvar, og 3 av prøvestasjonane var i eller nær utfyllingsområdet («S1», «S2» og «S3»). Det manglar nokre opplysningar om prøvetakingsmetodikk, TOC (totalt organisk karbon) og anna i undersøkinga, men vi vurderer at resultatane likevel kan gjeve eit bilete av forureiningssituasjonen i tiltaksområdet.

Det vart påvist koppar og tributyltinn (TBT) i tilstandsklasse IV, jf. Miljødirektoratet sin rettleiar M-608, i ein av prøvestasjonane ved tiltaksområdet («S1»). Sink, sum PCB7 og sum PAH(16) vart påvist i klasse III i denne stasjonen. «S2» og «S3» hadde TBT og sum PCB7 i klasse III og «S3» hadde i tillegg bly i klasse III. Resultatane syner at tiltaksområdet er påverka i betydeleg grad med ulike miljøgifter. Lenger vest, utanfor tiltaksområdet, er forureiningssituasjonen på sjøbotnen vesentleg verre. Der vart det mellom anna påvist koppar, kvikksølv, PAH, PCB og TBT i klasse V i ein eller fleire stasjonar. Tiltaket som no er aktuelt vil ikkje røyre ved sedimenta i området lenger vest.

Multiconsult har laga ein plan for utfyllingstiltaket basert på mellom anna undersøkinga frå 2017-2018. Sjå deira rapport 10226097-RIGm-NOT-001, datert 04.07.2022. Dei vurderer at utfyllingstiltaket kan føre til ei forstyrring og oppvirvling av sedimenta i området og at dei finaste partiklane på sjøbotnen vil kunne spreie seg langt ut frå tiltaksområdet. Dei anbefalar difor at fyllmassane leggst ut forsiktig med maskin eller bulldosar, og ikkje ved direkte tipping frå lastebil. Då utfyllingsmassane



består av eit velgradert materiale av sand og silt vil dette føre til at sjøbotnen dekkast til på ein skånsam måte utan omfattande oppvirvling frå sjøbotnen. Konsulenten ventar at finstoff frå fyllmassane vil spreie seg ut av tiltaksområdet og leggje seg på sjøbotnen der, men vurderer dette som positivt då dette vil gjeve tildekking av forureininga i sedimentet. Konsulenten anbefalar at det utførast målingar av turbiditeten i vatnet under tiltaket for å overvake spreininga av partiklar.

Multiconsult har utarbeidd eit turbiditetsmålingsprogram som vart innsend til Statsforvaltaren 09.09.2022 med dokumentnr. 10226097-01-RIGm-NOT-002.

Statsforvaltaren sluttar seg til konsulenten si vurdering at massane bør leggest ut skånsamt og at det bør gjerast målingar av turbiditet for å overvake spreining. Turbiditetsmålingane skal gjerast i tråd med innsend program. Sjå vilkår 4.3 og 5.1-5.4 i løyvet.

#### Utfyllingsmassar

Det er oppgitt i søknaden at det skal nyttast overskotsmassar/gravemassar frå Statens vegvesens sitt arbeid ved Lerstadtunnelen i Ålesund, i hovudsak innslaget på Moa, til utfyllinga. Massane er skildra som eit velgradert sandig og siltig materiale. Massane opplysast å ville gjeve bereevne etter ein periode i ro. Dei karakteriserast òg som tette/lite permeable. I front er det planlagd å sikre fyllinga mot påverknad frå sjøen ved å etablere fylling med større steinar.

Vurderingar av fyllingas stabilitet på kort og lang sikt må utførast før utfylling kan begynne, slik at konstruksjonens tryggleik og stabilitet vert tilstrekkeleg dokumentert, jf. vilkår 4.10. Vurderingane må gjerast av eit firma med relevant fagkompetanse.

Vi føresett elles at det berre nyttast reine massar som ligg innanfor normverdiane i forureiningsforskrifta, jf. vilkår 4.4.

#### Plast og anna avfall

Utfylling i sjø kan medføre marin forsøpling om det er sprengtrådrester eller anna avfall i utfyllingsmassane. I søknaden er det oppgitt at det er «liten eller ingen» fare for marin forsøpling under tiltaket, og difor er det ikkje planlagd spesielle tiltak.

Vilkår 4.5 i løyvet skal sikre at ikkje tiltaket fører til marin forsøpling.

#### Båtvrak ved Gangstøvika

Det er kjend at fleire gamle båtar er dumpa på sjøbotnen utanfor deponiet i Gangstøvika. Båtvraka ligg generelt vest for bukta der det no skal fyllast ut. Multiconsult utførte 05.09.2022 ei undersøking med ROV i utfyllingsområdet for å avklare om det ligg båtvrak eller anna som kan gjeve utfordringar eller auka forureiningsrisiko under tiltaket der. Dei fann ikkje vrak i utfyllingsområdet, og nokre formasjonar på sjøbotnen som var synlege på tredimensjonalt kart over sjøbotnen vart funne å vere bergnabbar. Dei fann elles at botnen i utfyllingsområdet for det meste er jamn og har eit overflatesediment bestående i stor grad av sand og med artar som sukkertare og teppedannande trådalgar.

Basert på ROV-undersøkinga skulle det ikkje vere behov for ei særskild vurdering av handsaming av båtvrak eller andre større framandelement på botnen før det fyllast ut.

#### Støy

I uttala frå kommuneoverlegen står det at utfyllingsaktiviteten vil kunne verte merkbar på Ellingsøya på den andre sida av fjorden, der det i utgangspunktet er låg bakgrunnsstøy. Det skal ha vore



utfordringar med dette som fylgje av utbygginga av anlegget på Flatholmen. Kommuneoverlegen tilrår at støyande aktivitet kveld og natt regulerast, sjølv om ekvivalente støyverdiar ikkje overstig gjeldande krav.

Vi tar kommuneoverlegen si uttale til etterretning. I vilkår 4.8 i løyvet er det stilt krav som gjeld støyv nivå og arbeidstider.

#### Støv frå fyllmassar

Kommuneoverlegen har peika på at ei eventuell støvplage frå massetransporten langs Gangstøvikvegen ikkje er nemnd i søknaden. I vilkår 4.9 sett vi krav om at det ved behov skal gjerast tiltak for å redusere eventuelle støvplager.

#### Trafikktryggleik for fotgjengarar

Utfyllingstiltaket vil medføre større ein periode med større belastning med tungtrafikk på vegane fram mot tiltaksområdet. I uttale frå kommuneoverlegen er det anbefalingar om tiltak som kan gjerast for å sikre tryggleiken til mjuke trafikantar i tiltaksperioden. Vi oppmodar tiltakshavar til å gå i dialog med andre relevante avdelingar i kommunen for å finne fram til ei god løysing på eventuelle trafikkproblem som tiltaksarbeidet fører med seg.

#### Vurderingar etter naturmangfaldlova

Statsforvaltaren har vurdert tiltaket etter *Lov om naturens mangfald* (naturmangfaldlova) § 8-12. Vurderingane våre har tatt utgangspunkt i informasjon i søknaden og i miljørapporten frå Multiconsult og i *Naturbasen* og Fiskeridirektoratet sitt kartverktøy. Vi finn at den føreliggjande kunnskapen er tilstrekkeleg til å handsame søknaden, jf. § 8 i naturmangfaldlova. Vi ser ingen grunn til å leggje særleg vekt på føre-var-prinsippet i denne saken, jf. § 9.

I *Naturbasen* er det registrert større taeskokgførekomsstar, verdivurdert til *viktig*, nord og vest for Brattholmen, frå om lag 350 meter avstand til tiltaksområdet. Den næraste førekomssten ligg på motsett side av Brattholmen. Det er òg registrert fleire andre taeskokgførekomsstar i Ellingsøyfjorden, men dei har vesentleg større avstand til tiltaksområdet. Skånsam utlegging av massar og overvaking av turbiditet under arbeidet (sjå vilkår 4.3 og 5.1-54) skal sikre at naturverdiane ikkje vært utsett for uakseptabel påverknad frå tiltaket.

I Fiskeridirektoratet sitt kartverktøy er det registrert eit større, regionalt viktig gytefelt for torsk i Ellingsøyfjorden og dei tilgrensande fjordane. Torsken si gyting skjer som regel i perioden februar-april, og gytinga er ein ekstra sårbar periode for fisken. Etter sjølve gytinga er det ein periode med tidlege livsstadium som òg er spesielt sårbar, fram mot om lag midten av juni månad. Av omsyn til torsken skal det ikkje utførast utfylling i sjø i gytetida frå 1. februar til 15. juni, jf. vilkår 4.7 i løyvet. Alternativt til å unngå utfyllingsarbeid i dei sårbare periodane til torsken kan det etablerast ein sjeté eller annan form for barriere i forkant av fyllinga. Utfylling vil då kunne gjerast på innsida av barrieren føresett at denne er laga slik at den utgjer eit effektivt hinder mot partikkelspreiing ut frå tiltaksområdet.

Ved Flatholmen, om lag 1,8 kilometer vest for tiltaksområdet, er det registrert ein fiskeplass for passive reiskap. På grunn av den store avstanden venter vi ingen nemneverdig påverknad. Ingen fiskeplassar for aktive reiskap eller låssettingsplassar er registrert i nærleiken til tiltaksområdet.

Ingen akvakulturlokalitetar er registrert i nærleiken til tiltaksområdet.



Etter § 11 i naturmangfaldlova skal tiltakshavaren dekke kostnadane ved å hindre eller redusere eventuell skade på naturmangfaldet i tiltaksområdet dersom dette ikkje er urimeleg med utgangspunkt i tiltaket sin karakter og den eventuelle skaden. I denne saken finn Statsforvaltaren det rimeleg at tiltakshavar får gjennomført og dekke eventuelle kostnadar av avbøtande tiltak slik dei vert skildra i løyvet. Dei avbøtande tiltaka er òg i tråd med § 12 i naturmangfaldlova, der det settast krav om at det skal nyttast miljøforsvarlege teknikkar og driftsmetodar for å unngå eller redusere skader på naturmangfaldet.

#### Vassdirektivet

Tiltaket skal utførast i vassførekomsten *Ellingsøyfjorden-ytre*, som i databasen *Vann-nett* har moderat økologisk tilstand og dårleg kjemisk tilstand. Nye inngrep i ein vassførekomst kan, ifylgje *Forskrift om rammer for vannforvaltningen* (vassforskrifta) ikkje utførast dersom det er risiko for at inngrepet vil medføre ein reduksjon førekomsten sin økologiske status. Det er satt vilkår i løyvet for å sikre at tiltaket utførast på ein miljømessig forsvarleg måte, og vi finn at det ikkje er sannsynleg at tiltaket vil medføre ein slik reduksjon.

#### Konklusjon

Statsforvaltaren i Møre og Romsdal tillét utfylling i sjø etter fastsette vilkår. På bakgrunn av vilkåra meiner vi at tiltaket ikkje vil medføre spreining av partiklar og forureining eller negativ påverknad på naturmiljøet som er uakseptabelt stor samanheld med samfunnsnytta ved tiltaket.

#### **Erstatningsansvar**

Løyvet frittek ikkje for erstatningsansvar for forureiningskade etter forureiningslova § 10 og kapittel 8.

#### **Vedtak om sakshandsamingsgebyr**

Vi syner til brevet vårt frå 23.08.2022 der vi varsla eit sakshandsamingsgebyr under gebyrsats 6, jf. *Forskrift om begrensning av forurensning* (forureiningsforskrifta) av 01.06.2004 kapittel 39 om gebyr til statskassa for arbeid med løyve og kontroll etter forureiningslova § 39-3 og 39-4. Som varsla plasserast saken under gebyrsats 6, noko som inneber at tiltakshavar skal betale eit gebyr på kr 35 000. Faktura med innbetalingsblankett vert send ut av Miljødirektoratet. Gebyret forfell til betaling 30 dagar etter fakturadato.

Ressursbruk knytt til sakshandsaminga er lagt til grunn ved fastsettinga av gebyrsats. Til denne høyrer gjennomgang og høyring av søknaden, korrespondanse med søkjaren, samt utarbeiding og ferdigstilling av løyvet, i tillegg til innsats frå ulike fagpersonar hos Statsforvaltaren.

Vedtaket om gebyrsats kan klagast på til Miljødirektoratet innan 3 veker etter at dette brevet er motteke, jf. forureiningsforskrifta § 41-5. Ei eventuell klage bør grunngjevast og skal sendast Statsforvaltaren i Møre og Romsdal. Klaga vert ikkje gjeve oppsettande verknad, og det fastsette gebyret må difor betalast i samsvar med det som er nemnd over. Dersom Miljødirektoratet aksepterer klaga, vil det overskytande beløpet verte refundert. Forureiningsforskrifta er tilgjengeleg på [www.lovdata.no](http://www.lovdata.no).

#### **Klagemoglegheiter**

Vedtaket kan klagast inn til Miljødirektoratet etter reglane i kapittel VI i forvaltingslova av partane i saka eller andre med rettsleg klageinteresse innan tre veker frå avgjerda er motteke. Ei eventuell klage skal nemne kva det klagast over og den eller dei endringar som ynskjast. Klaga skal grunngjevast, og opplysningar som kan ha relevans for saka bør nemnast. Dersom vedtaket klagast



på, kan Statsforvaltaren eller Miljødirektoratet etter førespurnad vedta at vedtaket ikkje skal tre i kraft før klaga er endeleg avgjort, jf. 42 i forvaltingslova. Klaga skal sendast via Statsforvaltaren.

Ei eventuell klage fører ikkje automatisk til at iverksettinga av vedtaket vert utsett. Statsforvaltaren eller Miljødirektoratet kan etter oppmoding eller av eget initiativ bestemme at vedtaket ikkje skal startast opp før klagefristen er ute eller klaga er avgjort. Avgjerda av spørsmålet om iverksetting kan ikkje klagast på

### **Offentleggjing av løyvet**

Vedtaket skal gjerast offentleg kjend, jf. § 36-11 i forureiningsforskrifta. Den som har fått løyve, skal så snart som mogleg kunngjere dette i dagspressa. Kunngjeringa skal innehalde ei kort orientering om løyvet, informasjon om kor ein kan få innsyn i saksdokumenta og opplysningar om klageinstans og frist for ei eventuell klage på vedtaket. Kopi av kunngjeringa skal sendast Statsforvaltaren i Møre og Romsdal innan ein månad etter at løyvet er gjeve. Verksemda kan gjerne nytte sin eigen logo i kunngjeringa. Statsforvaltaren sin logo skal ikkje nyttast. Dette er vårt forslag til kunngjeringstekst:

*Ålesund kommune får løyve etter forureiningslova til utfylling i sjø Gangstøvika, gnr. 137 bnr. 100. Det skal fyllast ut med om lag 107 000 m<sup>3</sup> massar over eit areal på 7 500 m<sup>2</sup> som eit ledd i sikringa av det gamle avfallsdeponiet i området og for å kunne nyttiggjere arealet i tråd med reguleringsplan. Utfyllinga skal etter plana utførast haust 2022-vinter 2023.*

*Vedtak med løyve kan lesast på nettsida til Statsforvaltaren i Møre og Romsdal under «Forureining og avfall» og «Kunngjeringar».*

*Klage eller kommentarar til vedtaket kan sendast til Statsforvaltaren i Møre og Romsdal innan tre veker.*

### **Datoar og fristar**

- Vedtaket skal kunngjerast i dagspressa så snart som mogleg
- Det skal gjevast melding til Statsforvaltaren i Møre og Romsdal ved oppstart av tiltaket. Meldinga kan sendast på e-post til sakshandsamar ([sfmrthau@statsforvalteren.no](mailto:sfmrthau@statsforvalteren.no)).
- Løyvet er gyldig til 31.12.2023
- Utførte målingar av kjemisk tilstand i sedimenta ved deponiet i Gangstøvika skal registrerast i databasen *Vannmiljø* innan 31.12.2022, jf. vilkår 6.1 i løyvet
- Sluttrapport i tråd med vilkår 6.2 i løyvet skal sendast til Statsforvaltaren innan 6 veker etter at tiltaket er ferdig utført.

Med helsing

Christian Dahl (e.f.)  
fagleiar - forureining

Thomas Aurdal  
senioringeniør

*Dokumentet er elektronisk godkjent*

Vedlegg:

- 1 Utfylling i sjø - tillatelse med vilkår





**Kopi til:**

**FISKERIDIREKTORATET**

**ÅLESUNDREGIONENS HAVNEVESEN**

**KYSTVERKET**

**Postboks 185 Sentrum**

**Skansekaia**

**Postboks 1502**

**5804**

**6002**

**6025**

**BERGEN**

**ÅLESUND**

**ÅLESUND**

**Løyve for Ålesund kommune til utfylling i sjø ved Gangstøvika**

Løyvet er gitt i medhald av lov av 13.mars 1981 nr. 6 om vern mot forureiningar og om avfall § 11. Det er satt vilkår etter forureiningslova § 16. Løyvet kan ikkje nyttast før det òg føreligg naudsynte løyve eller avklaringar etter plan- og bygningslova, hamne- og farvasslova og kulturminnelova.

Verksemda må avklare skriftleg på førehand med Statsforvaltaren i Møre og Romsdal eventuelle endringar den ønskjer å gjere i forhold til opplysningar i søknaden eller under saksbehandlinga som kan ha miljømessig påverknad.

Løyvet gjeld frå **dags dato** og gjeld fram til **31.12.2023**.

## Bedriftsdata og informasjon om tiltaksområde

Bedrift	Ålesund kommune
Lokalisering/gateadresse	-
Postadresse	Postboks 1521, 6025 ÅLESUND
Org. nummer (bedrift)	974 866 404 (høyrrer til 920 415 288)
Lokalitet for tiltaket	Gangstøvika
Koordinatar for tiltaket (UTM 32)	X: 356660, Y: 6930742
Gards- og bruksnummer for tiltaket	Gnr. 137 bnr. 100
Kommune tiltaket utførast i	Ålesund

## Statsforvaltarens referansar

Løyvenummer	Anleggsnummer	Risikoklasse <sup>1</sup>	ePhorte
2022.0712.T	1507.0521.01	4	2022/3534
Løyve gitt:	Endringsnummer:	Sist endra:	
29.09.2022	-	-	

Christian Dahl (e.f.)  
fagleiar

Thomas Aurdal  
senioringeniør

*Dokumentet er elektronisk godkjent*

**Endringslogg**

Endringsnummer	Endringar av	Punkt	Kva endring som er gjort
-	-	-	-

<sup>1</sup> Miljømyndigheitene sitt system for berekning av hyppigheita på frekvensbasert tilsyn, der risikoklasse 1 er høgast og 4 er lågast.



## 1. Verkeområde for løyvet

Løyvet omfattar utfylling med om lag 107 000 m<sup>3</sup> reine massar i eit område på om lag 7 500 m<sup>2</sup> forureina sjøbotn ved gnr. 137 bnr. 100 i Ålesund kommune. Løyvet gjeld berre massar som er eigna til formålet (å sikre ei stabil fylling og sikre mot spreing av miljøgifter frå deponiet innanfor fyllinga).

## 2. Generelle vilkår

- 2.1 Det føresettast at tiltaket gjennomførast som angitt i søknaden datert 04.07.2022 dersom ikkje anna går fram av løyvet, andre vedtak eller på annan måte er avklart med Statsforvaltaren i Møre og Romsdal.
- 2.2 Forureiningsmyndigheitenes vilkår skal ikkje vere til hinder for at andre myndigheter kan stille krav med heimel i anna lovgiving.
- 2.3 Tiltakshavar er ansvarleg for at vilkåra i løyvet vert overheld. Tiltakshavaren pliktar å orientere dei som skal gjennomføre tiltaka om dei vilkåra som gjeld, og om dei restriksjonane som er lagt på arbeidet.
- 2.4 Forureiningsmyndigheta, eller dei den gjev mynde til, skal til ei kvar tid ha tilgjenge til området for inspeksjon.
- 2.5 Statsforvaltaren kan oppheve eller endre vilkåra i løyvet, sette nye vilkår, og om naudsynt trekke løyvet attende, dersom føresetnadar gitt etter forureiningslova § 18 er til stades. Statsforvaltaren har på det same grunnlaget rett til, på eit kvart tidspunkt, å stanse arbeidet.
- 2.6 Dersom det viser seg at dei miljøbeskyttande tiltaka ikkje verker som føresett i vilkåra, kan den ansvarlege med ein gong verte pålagt å sette i verk ytterlegare tiltak.
- 2.7 Ved funn, eller mistanke om funn, av kulturminne undervegs i arbeidet skal arbeidet stansast og Bergen Sjøfartsmuseum kontaktast.

## 3. Internkontroll, beredskap og varsling

- 3.1 Tiltakshavar skal med ein gong varsle Statsforvaltaren om alle unormale tilhøve som har, eller kan få innverknad på forureiningssituasjonen.
- 3.2 Tiltakshavar pliktar å ha eit oppdatert internkontrollsystem, jf. forskrift om systematisk helse-, miljø- og tryggleiksarbeid i verksemder (internkontrollforskrifta) av 6. desember 1996. Internkontrollen skal mellom anna sikre og dokumentere at verksemda overheld krava i dette løyvet, forureiningslova, produktkontrollova og relevante forskrifter til desse lovene.
- 3.3 Tiltakshavar pliktar å gjennomføre tiltak for å unngå, eventuelt redusere risikoen for akutte utslepp frå alle aktivitetar knytt til dette tiltaket. Slike tiltak skal vere basert på ein systematisk gjennomgang av alle element i tiltaksaktiviteten.



- 3.4 Den ansvarlege skal sørge for å ha den naudsynte beredskapen for å hindre, oppdage, stanse, fjerne og redusere verknaden av akutt forureining for all verksemd, jf. forureiningslova § 40. Beredskapen til den ansvarlege skal stå i eit rimeleg høve til sannsynet for akutt forureining og omfanget av skadane og ulempene som kan inntreffe. Beredskapsplikten inkluderer også utstyr og kompetanse til å fjerne og redusere verknaden av ei eventuell forureining.
- 3.5 Ved akutt forureining eller fare for akutt forureining som fylgje av verksemda, skal den ansvarlege varsle i samhøve med *forskrift av 09.07.1992 om varsling av akutt forurensning eller fare for akutt forurensning*. Melding om akutt forureining gjerast til brannvesenet, **telefon: 110**. Kystverket har vaktberedskap 24 timar i døgnet og får meldingar frå brannvesenet om akutt forureining.
- 3.6 Støy frå utfyllingsarbeida og/eller anleggstrafikk skal ikkje overskride grenseverdiane i rettleiaren "Retningslinje for behandling av støy i arealplanlegging" (T-1442/2016).

#### 4. Utfylling i sjø

- 4.1 Statsforvaltaren skal varslast når arbeidet startast.
- 4.2 Tiltaket skal gjerast i tråd med avgrensa område som vist i kartvedlegg til søknaden.
- 4.3 Utfylling i sjø skal utførast skånsamt for å hindre oppvirvling av partiklar og miljøgifter frå sjøbotnen. Det inneber at massane ikkje skal dumpast direkte frå tipp, men leggest ut med maskin/bulldosar.
- 4.4 Utfyllingsmassane skal ikkje overskride konsentrasjonsgrensene tilsvarende tilstandsklasse II for sedimentar i samhøve med Miljødirektoratet sin rettleiar for klassifisering av metall og organiske miljøgifter i vatn, sediment og biota (M-608/2016). Massane skal samstundes ligge innanfor normverdiane fastsett i forureiningsforskrifta kapittel 2 vedlegg 1. Det er ikkje lov å nytte reaktive bergartar. Massane skal vere eigna til føremålet (å etablere ei stabil fylling og sikre mot spreining av miljøgifter frå deponiet innanfor fyllinga). Det er ikkje lov å fylle ut med massar dersom hovudføremålet er å kvitte seg med massane.
- 4.5 Det må utførast tiltak etter behov for å redusere spreining av sprengtrårestar og anna avfall frå fyllmassane så mykje som mogleg. Tiltak kan vere utsortering i forkant av utfylling, bruk av lense eller oppsamling frå vassflata. Massar med høgt innhald av sprengtrårestar eller anna avfall som kan spreie seg i vatnet skal ikkje nyttast til utfylling i sjø.
- 4.6 Tiltaket skal utførast under høvelege vind- og bølgetilhøve slik at det ikkje skjer uheldig spreining av partiklar.
- 4.7 Utfylling i sjø skal utførast utanom dei mest sårbare periodane til torsken (1. februar til 15. juni). Alternativ: Utfylling kan utførast i dei sårbare periodane dersom det fyrst etablerast ein sjeté/barriere i forkant som sperrar effektivt mot spreining av partiklar ut frå tiltaksområdet.



Dersom denne løysinga veljast, skal ei skisse med skildring av sjetéen fyrst sendast til Statsforvaltaren.

4.8 Dei fylgjande krava gjeld for arbeidstider og støynivå.  $L_{pAeqT}$  er A-veia gjennomsnittsnivå midla over driftstid der T angjev midlingstida i talet på timar.  $L_{AFmax}$  er gjennomsnittleg A-veia maksimalnivå for dei 5-10 mest støyande hendingane i perioden med tidskonstant «Fast» på 125 ms.

<b>Dag (kl. 07-19)</b> $L_{pAekv12h}$	<b>Kveld (kl. 19-23)</b> $L_{pAekv4h}$	<b>Laurdag (kl. 07-19)</b> $L_{pAekv12h}$	<b>Sun- /heilag dagar (kl. 07-23)</b>	<b>Natt (kl. 23-07)</b>
55 dB(A)	50 dB(A)	50 dB(A)	Støyande aktivitet ikkje tillate	Støyande aktivitet ikkje tillate

4.9 Ved transport, mellombels lagring og anna handsaming av fyllmassane skal det gjerast tiltak etter behov, som tildekking, for å unngå eller redusere uheldig støvdrift.

4.10 Fyllingas stabilitet og tryggleik på kort og lang sikt må vere tilstrekkeleg vurdert og dokumentert før utfylling kan begynne.

## 5. Kontroll og overvaking

5.1 Det skal gjennomførast kontroll og overvaking av tiltaksarbeidet etter eit kontroll- og måleprogram. Kontroll- og måleprogrammet skal inngå i verksemda sitt internkontrollsystem. Programmet skal vere tilstrekkeleg omfattande til å avdekke eventuell uakseptabel spreiring av forureining og partiklar i tilknytning til tiltaket. Vi legg til grunn at målingane utførast i tråd med Multiconsult sitt turbiditetsmålingsprogram, dokumentnr. 10226097-01-RIGm-NOT-002, innsend til Statsforvaltaren 09.09.2022. Dersom det gjerast observasjonar eller skjer hendingar som tilseier at programmet ikkje er tilstrekkeleg skal Statsforvaltaren varslast straks og programmet reviderast.

5.2 Under anleggsperioden skal det kontinuerleg gjerast målingar av:

- Turbiditet i minst ein referansestasjon i området som ikkje er påverka av anleggsarbeidet (eventuelt kan det nyttast referansenivå etablert som skildra i Multiconsult sitt turbiditetsnotat)
- Turbiditet i minst to målestasjonar nedstrøms som er påverka av anleggsarbeidet og er plassert som vist i Multiconsult sitt turbiditetsnotat.

5.3 Grenseverdien for turbiditet settast til 10 NTU over turbiditet på referansestasjonen. Ved overskridingar av grenseverdien utover ein periode på 15 minutt, skal det settast i verk tiltak for å avklare årsakssamanhengen. Dersom overskridinga skyldast interne tilhøve, skal arbeidet stansast med ein gong og naudsynte tiltak gjennomførast. Prosessen kan ikkje



starte opp før turbiditeten er nede på stabile nivå under grenseverdien. Rutinar og eventuelle tiltak skal skildrast i internkontrollen.

5.4 Det skal førast logg over resultat frå overvakinga, og over mengder og tidspunkt for utfylling av massar. Loggen skal som eit minimum òg innehalde eventuelle overskridingar og korrigerande tiltak. Loggen skal vere tilgjengeleg ved eventuelle tilsyn.

## **6. Rapportering**

6.1 Utførte målingar av kjemisk tilstand i sedimenta ved deponiet i Gangstøvika skal registrerast i databasen *Vannmiljø* **innan 31.12.2022**. På nettsida til databasen finnast rettleiing og ei oversikt over kva parameter som skal registrerast.

6.2 Det skal sendast ein sluttrapport til Statsforvaltaren innan 6 veker etter at anleggsarbeidet er avslutta. Rapporten skal innehalde:

- Ei kort skildring av tiltaket og utført arbeid
- Resultat frå turbiditetsmålingane og eventuelle overskridingar og korrigerande tiltak
- Skildring av tiltaka som vart gjort for å redusere spreining av forureining og partiklar og redusere negativ påverknad på naturmiljø og fiskeriinteresser. Skildring av eventuelle avvik frå løyvet eller uheldige hendingar som kan ha hatt negativ konsekvens for naturmiljøet eller gjeve spreining av forureining.